

Retningslinjer for næringsfondet i Norddal kommune:

Vedteke av kommunestyret 12.03.2009 K- sak 015/09

1.

Møta i fondsstyret skal først for opne dører så langt lovverket tillet og saksdokument B-stemplast berre når det ligg føre ein klår lovheimel.

2.

Søknader til næringsfondet vert handsama 2 gonger i året. Inntil 50 % av disponibel kapital kan nyttast første halvår. Søknadsfristane vert 1. mars og 1. oktober.

3.

I prinsippet skal det ytast støtte frå næringsfondet til alle næringar. Tiltak som er retta mot omstilling, ekspansjon og nyskaping skal prioriterast.

4.

Tiltak under kultur og idrett kan kvalifisere til støtte frå næringsfondet dersom dei indirekte verknadene for næringslivet er tydelege, betydelege og varige.

5.

Minimum krav til eigenfinansiering er 25 %.

6.

Det skal alltid ligge føre søknadsskjema med nødvendige vedlegg og saksutgreiing før fondstyret kan handsame ei sak.

7.

Mottakar av tilskot skal innan 2 år rapportere tilbake til fondsstyret på bruken av midlane og status for verksemda.

8.

Dersom ein søkjar ønsker å omdisponere delar av fondet til andre føremål, skal det sendast inn søknad om dette. Rådmannen får fullmakt til å vurdere om saka må ny handsaming i næringsfondstyret eller ikkje.

9.

Utbetaling skjer i høve til framdrifta av prosjektet. Dokumentert delrekneskap skal leggest fram. Siste 25 % av tilskotet skal haldast attende inntil det er levert sluttrekneskap frå rekneskapsførar/revisor. Ved stort kapitalbehov kan 50 % av tilskotet betalast ut ved oppstart av prosjektet.

10

Dersom investeringar vert avhenda før prosjektperioden er gått ut, kan fondsstyret krevje at støttemottakar betaler tilskotet tilbake. Dersom heile eller delar av tilskotsbeløpet ikkje

er brukt til støtteføremålet når prosjektperioden er gått ut, kan fondsstyret krevje at støttemottakar betaler tilbake den delen av støttesummen som ikkje er nytta.